

STRATEGI  
2023–2030

Sikre  
kvalitet,  
skape  
tillit



NOKUT 



# Forord

**Sidan etableringa i 2003 har NOKUT bidratt til å sikre kvalitet og skape tillit til norsk høgare utdanning. Når vi no markerer 20-årsjubileet vårt, stakar vi ut kursen for korleis vi skal bidra til å sikre og utvikle kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning framover.**

Vinteren 2021 gjorde Kunnskapsdepartementet det kjent at det skulle gjennomførast strukturelle endringar innanfor kunnskapssektoren. I prosessen som følgde, blei sju underliggjande organ slått saman til tre. Av desse var to heilt nye (Sikt og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse). NOKUT bestod, men med ein endra oppgåveportefølje. 1. januar 2023 blei NOKUTs oppgåver i samband med godkjenning av utanlandsk utdanning flytta over til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. NOKUTs oppgåver blei med dette konsentrert om norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Med denne endringa blei det naturleg å utarbeide ein ny strategi.

Strategien består av fire mål, og desse blir førande for arbeidet vårt i strategi-perioden. Til saman skal måla sørge for at NOKUT sikrar kvalitet og med det bidrar til at samfunnet kan ha tillit til at fagskulane, høgskulane og universiteta i Noreg leverer gode utdanningar til studentane sine. Tittelen på strategien reflekterer dette: *NOKUT 2030: sikre kvalitet, skape tillit*.

NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring skal vere treffsikre og bidra til utvikling. Eit gjennomgåande trekk i strategien er at verkemidla skal tilpassast slik

at utdanningsinstitusjonane opplever dei som nyttige i sitt eige kvalitetsarbeid. Grunntanken er at kontroll og utvikling er saumlaust knytt saman. Dette inneber at NOKUT framleis skal levere kunnskap om kvalitetstilstanden i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og vere ein tydeleg pådrivar for utdanningskvalitet.

Strategien gjer det tydeleg at NOKUT har ambisjon om å vere eit internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan. Arbeidet vårt er forankra i dei europeiske standardane for kvalitetssikring av høgare utdanning, *Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG)*. Gjennom deltaking i organisasjonar for kvalitetssikringsorgan følgjer NOKUT tett med på utviklinga av kvalitetssikring internasjonalt og skal og bidra til denne utviklinga.

NOKUT skal vere ein lærande, lyttande og utviklingsorientert organisasjon. Det inneber at vi skal tilpasse verkemidla våre etter behova i samfunnet, og at endringar og utvikling av tenestene skal skje i dialog med dei viktigaste interessentane våre. I tillegg skal NOKUT som arbeidsplass vere inkluderande overfor tilsette og open for nye metodar og prosessar for å løyse oppgåvene effektivt og med høg kvalitet.

Strategien er forankra i NOKUTs administrasjon og styre. I arbeidet med strategien har vi fått mange nyttige innspel frå utdanningsinstitusjonar, studentorganisasjonar, arbeidslivsorganisasjonar og andre interessentar. Dette vil vi takke for. Nokre av innspela er tatt med i strategien, andre tar vi med oss i utviklinga av organisasjonen og tenestene våre.

Oslo, 12. januar 2023

Lise Iversen Kulbrandstad | Styreleiar



Kristin Vinje | Administrerende direktør



# Innhold

05	<b>Samfunnsoppdrag</b>
05	Føremål
06	Internasjonal forankring
07	Utvikling
08	Roller
09	Verdiar
10	<b>Mål</b>
11	Mål 1 Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet
13	Mål 2 NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidrar til utvikling
14	Mål 3 Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
15	Mål 4 NOKUT er utviklingsorientert, arbeider kunnskapsbasert og samhandlar godt



Sikre  
kvalitet,  
skape  
tillit

# Samfunnsoppdrag

## Føremål

NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. NOKUT har eige styre og er eit statleg forvaltningsorgan som er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører vi forvaltningsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet.

Føremålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.

NOKUT skal bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Gjennom arbeidet vårt skal NOKUT søkje å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira.

NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

### NOKUTs oppgåver som uavhengig forvaltningsorgan er

- å akkreditere og føre tilsyn med studietilbod, fagområde og institusjonar
- å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane
- å evaluere utdanningar for å kunne bedømme kvaliteten
- å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira og stimulere til kvalitetsutvikling

### NOKUTs oppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet, omfattar

- regelverksforvaltning
- nasjonale undersøkingar og eksamenar
- økonomisk tilsyn ved private institusjonar og studentsamskipnader, i tillegg til kontroll-oppgåver ved statlege institusjonar og verksemdar

## Internasjonal forankring

Arbeidet til NOKUT er internasjonalt forankra i det europeiske utdanningsområdet. Gjennom dette legg vi til grunn dei europeiske standardane for kvalitetssikring av høgare utdanning, Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG), i kvalitetssikringsarbeidet vårt. Heilt sentralt for desse standardane er den tette koplinga mellom kontroll og utvikling. Denne koplinga er avgjerande for arbeidet til NOKUT:

*At the heart of all quality assurance activities are the twin purposes of accountability and enhancement. Taken together, these create trust in the higher education institution's performance.<sup>1</sup>*

NOKUT ønskjer dessutan å leggje prinsippa for ESG til grunn for arbeidet med ekstern kvalitetssikring av høgare yrkesfagleg utdanning, sjølv om ESG formelt sett ikkje omfattar denne delen av utdanningssystemet.

NOKUT er medlem av The European Association for Quality Assurance in Higher Education (ENQA) og er registrert i The European Quality Assurance Register for Higher Education (EQAR), som er eit offisielt register over kvalitetssikringsorgan som oppfyller krava i ESG.

<sup>1</sup>Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area (ESG), s. 5.





## Utvikling

NOKUT blei oppretta i 2003 som ei følgje av Bologna-prosessen og kvalitetsreforma i høgare utdanning. Ved å vere eit fagleg uavhengig tilsyns- og akkrediteringsorgan skulle NOKUT bidra til å sikre autonomien til utdanningsinstitusjonane. I 2004 fekk vi òg ansvar for ekstern kvalitetssikring av høgare yrkesfagleg utdanning.

2010 markerte ei dreining for arbeidet til NOKUT. I tillegg til kontrolloppgåvene blei det lagt større vekt på å stimulere til kvalitetsutvikling gjennom å føre tilsyn og gjennomføre undersøkingar, analysar og evalueringar. Slik ville vi bidra til å setje kvalitet og kvalitetsutvikling i utdanning på dagsordenen. Denne endringa kom som eit resultat av tilrådingar i ei ekstern evaluering av NOKUT i 2008, og dessutan av at det blei utvikla ei ekstern kvalitetssikring i det europeiske utdanningsområdet.


Sidan opprettinga har NOKUT òg hatt som føremål å godkjenne og informere om utanlandsk utdanning. I tillegg har vi undervegs fått nye oppgåver frå

Kunnskapsdepartementet, mellom anna gjennomføring av nasjonale undersøkingar og forvaltning av regelverk.

I løpet av dei siste åra har det vore gjennomført ei omorganisering der fleire organ med ansvar for ulike delar av kunnskapsforvaltninga og tenesteleveransar til sektoren har blitt samla i større einingar. Dette har resultert i opprettinga av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og Sikt, kunnskapssektorens tenesteleverandør. Samtidig har NOKUTs mandat og oppgåveportefølje blitt spissa mot ekstern kvalitetssikring og kvalitetsutvikling. Oppgåvene i samband med godkjenning av utanlandsk utdanning og delar av regelverksforvaltninga er frå 2023 overførte til HK-dir.


# Roller

NOKUT skildrar samfunnsoppdraget gjennom tre roller:




## MYNDIGHEITSROLLA

NOKUT forvaltar regelverk og utøver myndigheit gjennom å akkreditere og føre tilsyn.



## KUNNSKAPSROLLA

NOKUT bringar fram, stiller saman, analyserer og formidlar kunnskap om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.



## PÅDRIVARROLLA

NOKUT er pådrivar for kvalitet i utdanning. Pådrivarrolla handlar om å bruke kunnskapen NOKUT bringar fram, til å setje kvalitetsutfordringar, gode praksisar og andre viktige tema på dagsordenen, og å gi fagpolitiske råd.



## Verdiar

**Avgjerdene til NOKUT kan ha stor betydning for institusjonane og for samfunnet. Det stiller høge krav til kvalitet, effektivitet og dialog i arbeidet.**

Tre overordna verdiar skal kjenneteikne aktivitetane:

### Etterretteleg

I NOKUT baserer vi aktivitetane våre på eit solid kunnskapsgrunnlag og strevar etter høg standard på forvaltninga. NOKUTs faglege uavhengigheit inneber at vedtak i tilsyns- og akkrediteringssaker ikkje kan overprøvast politisk. Den uavhengige rolla krev høg fagleg integritet.

### Imøtekomande

Verkemidla til NOKUT skal vere til nytte for samfunnet. NOKUT legg vekt på dialog og samarbeid med studentar, utdanningsinstitusjonar, interessentar i samfunns- og arbeidsliv og andre myndigheiter. Saker blir behandla så raskt som mogleg og med god kvalitet. Internt er tilsette i NOKUT inkluderande og rause overfor kollegaer. Dei tilsette deler kunnskap, lærer av kvarandre og samarbeider mot felles mål.

### Nytenkjande

NOKUT leitar etter høve til å forbetre seg og nye grep som kan bidra til betre kvalitet i utdanningane og betre kvalitetsarbeid ved utdanningsinstitusjonane. Samtidig gir NOKUT tydelege råd om behov for endringar i regelverk, system og andre rammevilkår når kunnskapsgrunnlaget tilseier det. NOKUT vurderer effekten av eigne aktivitetar og verkemiddel, og vi har låg terskel for å omprioritere og ta i bruk ny teknologi, nye verkemiddel og nye arbeidsmåtar.

# Mål

NOKUT har fire verksemdsmål for strategiperioden. Dei tre første måla skildrar kva NOKUT ønskjer å bidra til – for utdanningsinstitusjonane og for resten av samfunnet. Det fjerde målet skildrar korleis NOKUT skal vere som organisasjon for å kunne bidra til å oppnå dei tre første måla.

NOKUTs mål byggjer opp under Kunnskapsdepartementets sektormål for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, i tillegg til FNs berekraftsmål 4 om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og tilgang til livslang læring for alle.



Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet



NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidrar til utvikling



Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning



NOKUT er utviklingsorientert, arbeider kunnskapsbasert og samhandlar godt

## MÅL 1

### Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet

Det er institusjonane sjølve som har ansvar for å forvalte faglege fullmakter, og for å sikre og utvikle kvaliteten i utdanningane dei tilbyr. Det norske systemet for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning viser utdanningsinstitusjonane stor tillit og gir dei vide faglege fullmakter. Til gjengjeld skal institusjonane vise at dei er verdige denne tilliten.

Verkemidla til NOKUT skal sikre at institusjonane driv godt kvalitetsarbeid, og stimulere til vidareutvikling av utdanningskvaliteten.

Til saman bidrar institusjonane og NOKUT til at institusjonane, fagmiljøa, studentane, styresmaktene og samfunnet er godt informerte om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og at dei kan ha tillit til han. Dette krev at utdanningane har gode rammer, og at kunnskap og verkemiddel for kvalitetssikring blir brukt på ein måte som er gjennomsiktig, effektiv og nyttig for heile samfunnet.

**Høg kvalitet i utdanning er ein føresetnad for at fellesskapet skal kunne vurdere kunnskap og informasjon, ta i bruk og utvikle ny kunnskap og sikre framtidig verdiskaping. På denne måten heng utdanningskvalitet tett saman med den demokratiske beredskapen i samfunnet, evna velferdssamfunnet har til å utvikle seg vidare på ein berekraftig måte, og samfunnet si evne til å handtere framtidige samfunnsutfordringar.**

Kvaliteten i utdanningane heng dessutan tett saman med deltaking i internasjonale samarbeid. Utdanningar som held internasjonalt høgt nivå, er med på å sikre at norske utdanningsinstitusjonar og verksemdar får tilgang til og er attraktive bidragsytarar til internasjonalt samarbeid om utvikling av utdanning, forskning og innovasjon. At utdanningane er av høg kvalitet, gjer det mogleg for den enkelte til å utvikle og realisere seg sjølv, og til å tileigne seg viktig kompetanse for å kunne ta aktivt del i samfunns- og arbeidslivet.

NOKUT jobbar for ein god balanse mellom institusjonane sitt ansvar for kvalitet i utdanningane og rolla vi har som ekstern kvalitetssikrar. Den eksterne kvalitetssikringa vår skal, gjennom rammer for utdanningskvalitet og kunnskap om kvalitet og kvalitetsarbeid, bidra til



at institusjonane og samfunnet kan bidra til å handtere både utvikling og endring.

Institusjonslandskapet i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er heterogent. Fleire institusjonar har vide faglege fullmakter, samtidig som mange er små og har avgrensa faglege fullmakter. Samfunnsoppdraget, rollene og strategiane til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og dei ulike institusjonane og utdanningstypene varierer. NOKUTs verkemiddel skal vere tilpassa eigenarten til institusjonane og utdanningstypene.

NOKUT vil arbeide for at den periodiske oppfølginga av det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonane er tilpassa eigenarten og dei ulike rollene til institusjonane innanfor både høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Kvalitetsarbeidet ved institusjonane skal bidra til å sikre og utvikle kvalitet, og innanfor høgare utdanning dessutan vidareutvikle kvaliteten mot eit høgt nasjonalt og internasjonalt nivå. Arbeidet til NOKUT skal stimulere institusjonane til å stille høgare interne kvalitetskrav enn det som følgjer av nasjonale forskrifter. Samtidig vil vi jobbe for at fleire institusjonar oppnår større fullmakter, mellom anna gjennom fagområdeakkreditering for fagskular og gjennom å utforske om det er mogleg å institusjonakkreditere slike institusjonar.

NOKUT skal òg gjennomføre tilsyn med studieprogram og institusjonar basert på risiko for kvalitetssvikt.

NOKUT har ansvaret for fleire nasjonale student- og undervisarundersøkingar. I dialog med utdanningsinstitusjonane og andre relevante aktørar skal vi arbeide for å vidareutvikle desse undersøkingane slik at dei gir nyttig kunnskap om kvalitet og kvalitetsutvikling.

Det er viktig at høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning er tilgjengeleg for menneske i heile landet i ulike livssituasjonar og med ulike behov for kompetanseutvikling. Utvikling av digitale, desentraliserte og fleksible utdanningsløp, i tillegg til kortare og spissa studietilbod som svarer på spesifikke behov for kompetanseutvikling, er verkemiddel som kan bidra til dette. NOKUT skal arbeide for å gi tydelege rammer og rettleiing i samband med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av slike studietilbod.

Digitalisering gir òg nye høve til å utvikle pedagogiske verkemiddel som fremjar kvalitet i utdanninga. I NOKUT skal vi arbeide for å tilpasse verkemidla våre etter denne utviklinga.

NOKUT evaluerer utdanningskvalitet som ein del av det nasjonale rammeverket for evaluering av norsk forskning og høgare utdanning. Vi skal koordinere evalueringane med Forskningsrådet, og gjennomføre dei i dialog med utdanningsinstitusjonane.

Innan høgare utdanning inngår fleire institusjonar i europeiske universitetsalliansar. NOKUT vil følgje med på og bidra i den internasjonale utviklinga for å kunne utføre ekstern kvalitetssikring av utdanning innanfor slike alliansar.

## MÅL 2

### NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidrar til utvikling

**NOKUT har ulike verkemiddel vi kan ta i bruk. Ein del av dei knyter seg til myndighetsrolla vår gjennom regelverksforvaltning, tilsyn og akkreditering. Desse er nedfelt i lover og forskrifter som oppgåver for NOKUT og krav til institusjonar og utdanningar.**

Andre verkemiddel knyter seg til NOKUTs kunnskapsrolle og omfattar evaluering, ulike undersøkingar, analysar og kunnskaps-samanstillingar for å informere om kvalitet.

Også gjennom pådrivarrolla har NOKUT ulike verkemiddel, som kunnskapsdeling, erfaringsdeling, rettleiing og dialog.

Heile spekteret av verkemiddel skal bidra til å danne eit samla kunnskapsgrunnlag, og til saman skal dei bidra til å sikre kvalitet og stimulere til kvalitetsutvikling. NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring skal byggje på den beste tilgjengelege kunnskapen. Vi skal aktivt formidle kunnskap om kva som bidrar til kvalitet og kvalitetsutvikling. NOKUT er dessutan opptatt av at både intern og ekstern kvalitetssikring av utdanning kan gi viktig innsikt i kva som utgjer høg kvalitet i utdanningane. På denne måten er det viktig at kunnskapen vi opparbeider oss gjennom myndighetsrolla, inngår i det samla kunnskapsgrunnlaget.

For at NOKUTs verkemiddel skal vere treffsikre, må utdanningsinstitusjonane og samfunnet oppleve at dei er formålstenlege og bidrar til kvalitetsutvikling. Prosessane våre skal vere transparente og gjennomførast utan unødige ressursbruk. For å lykkast med dette vil NOKUT for det første systematisk sikre at verkemidla våre byggjer på god og oppdatert kunnskap. Justeringar og endringar skal basere seg på forskning, nasjonale og internasjonale erfaringar og innspel frå utdanningsinstitusjonane, andre myndigheiter og interessentar. For det andre skal NOKUT bruke kunnskapen til å prioritere kva verkemiddel som er best eigna ved indikasjonar på sviktande kvalitet og for å stimulere til kvalitetsutvikling. For det tredje vil NOKUT jobbe for at fleire utdanningsinstitusjonar blir i stand til å forvalte vidare fullmakter på ein god måte.

NOKUT skal vidareutvikle den periodiske oppfølginga av det systematiske kvalitetsarbeidet til institusjonen slik at oppfølginga er tilpassa eigenarten og dei faglege fullmaktene til dei ulike institusjonane. I dette arbeidet skal vi dessutan streve etter å tilpasse metodikken til den internasjonale utviklinga innanfor ekstern kvalitetssikring.

NOKUT forvaltar ei rekkje forskrifter. Arbeidet vårt med å utvikle regelverk skal vere kunnskapsbasert, systematisk og langsiktig og bidra til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Regelverket skal gi gode rammer for kvalitetssikring og -utvikling, og vere føreseieleg og enkelt å forstå og etterleve.

NOKUT vil berre regulere det som er nødvendig for å sikre rammene for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning av høg kvalitet. Samtidig må regelverket òg leggje til rette for ein effektiv bruk av andre verkemiddel for å stimulere til ytterlegare utvikling.

MÅL 3

## Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

**Gjennom å formidle relevant og oppdatert kunnskap og informasjon om kvalitet skal NOKUT bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.**

Kunnskap frå NOKUTs tilsyn og akkrediteringar, evalueringar, undersøkingar, analysar og andre tilgjengelege data bidrar som kunnskapsgrunnlag for kvalitetsarbeid ved institusjonane, i den offentlege debatten og i fagpolitiske avgjersler. Denne kunnskapen skal vere lett tilgjengeleg og kommunisert på ein slik måte at han er til nytte for institusjonane, andre myndigheiter og samfunnet.

Gjennom samarbeid med utdanningsinstitusjonane og andre interessentar skal NOKUT identifisere tema og målgrupper som bør prioriterast i arbeidet med å setje kvalitet og kvalitet-sutvikling på dagsordenen. Ved å utvikle og skape møteplassar for spreieing av informasjon og kunnskap vil vi styrke kontakten med – og rettleiinga overfor – alle institusjonstypar, og bidra til erfaringsdeling mellom institusjonane.

NOKUT skal arbeide for å samanfatte og systematisere tilgjengeleg kunnskap, og vi skal bruke denne til å skape merksemd om gode praksisar, kvalitetsutfordringar og særskilt relevante tema. I tillegg skal vi samarbeide med andre aktørar om etablering og deling av kunnskap om utdanningskvalitet. Dette gir moglegheiter og utfordringar på det faglege, tekniske og juridiske området. NOKUT skal samarbeide med utdanningsinstitusjonane og aktørar innanfor kunnskapsforvaltninga for å utvikle og styrkje god forvaltning og deling av data. Vi vil jobbe for at meir data blir tilgjengeleg, og samtidig styrkje område som personvern og datatryggleik.

NOKUT vil arbeide for at høgare yrkesfagleg utdanning blir meir kjent i samfunnet, og for at kvalitetsperspektivet i fagskuleutdanningane får eit løft. Det vil primært innebære at vi gjennom kunnskapsdeling, rettleiing og erfaringsdeling set søkjelys på fagskulane sitt oppdrag med å sikre og utvikle eiga utdanning, men vi vil òg bruke NOKUTs ulike verkemiddel for å underbyggje dette.

## MÅL 4

### NOKUT er utviklingsorientert, arbeider kunnskapsbasert og samhandlar godt

**NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit lærande, framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.**

Vi tar aktivt del i ENQA, utvekslar erfaringar med andre europeiske og internasjonale kvalitetssikringsorgan og bidrar til utviklinga av kvalitetssikring i Europa. Det krev at vi har evne til å tilpasse oss endringar, til å ta i bruk og dele ny kunnskap og til å forbetre og utvikle metodar og prosessar for å løyse oppgåvene effektivt og med høg kvalitet.

Dette føreset at medarbeidarane og leiarane våre har riktig og høg kompetanse. Kompetanse omfattar heilskapen av kunnskap, ferdigheiter og haldningar. NOKUT skal bruke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette på ein måte som fremjar motivasjon og gode resultat.

Organisasjonskulturen skal vere prega av raustleik og tillit. Det føreset god samhandling og kommunikasjon. Internt skaper NOKUTs medarbeidarar gode resultat, trivsel og et godt arbeidsmiljø ved å verdsetje og utnytte kvarandre

sin kompetanse og ved å stimulere til samarbeid, deling av kunnskap og tverrfagleg oppgåveløysing på tvers av avdelingar og seksjonar. God samhandling og kommunikasjon med sektoren, andre myndigheiter og interessentar, nasjonalt og internasjonalt, skal bidra til legitimitet og gjensidig tillit.

Innanfor ramma av mandatet skal NOKUT prioritere dei arbeidsoppgåvene som i størst mogleg grad støttar opp under mål 1 til 3, for å oppnå størst mogleg effekt. Arbeidet skal vere prega av at vi søkjer og tar i bruk nye arbeidsmetodar for å utvikle kvaliteten og effektiviteten i verkemidla og prosessane. Dette omfattar òg å vidareutvikle heile organisasjonen sin digitale kompetanse og dei digitale tenestene og prosessane våre.

NOKUT skal ha auka merksemd om berekraft med utgangspunkt i berekraftsmåla til FN. I tillegg til målet om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og høve til livslang læring for alle inneber dette òg at vi skal sjå etter måtar å redusere karbonavtrykket på, prioritere berekraft i innkjøp og vidareutvikle tiltak for inkludering og individuell tilrettelegging på arbeidsplassen.



nokut.no

